

Velkommen til UWC leirskule

Vi vil ynskje dykk velkomne til UWC leirskule, og sender i den forbindelse litt informasjon om opphaldet.

Før leirskuleopphaldet er det viktig at dykk fyller ut og returnerer følgende skjema til oss (vedlagt):

- **Klasseliste med oversikt over gutar, jenter og vaksne, samt tidspunkt for ankomst og avreise og evt spesielle behov.**
- **Skjema for bildetillatelse**
- **Kontaktinformasjon ved ulykker**
- **Val av aktiviteter**

Vi ber om at dykk returnerer klasseliste, kontaktinformasjon og val av aktivitetar så tidlig som mogleg, **Seinast fredag 24. Mars**. Skjema for bildetillatelse er det tidsnok at vi får når dykk kjem til leirskulen.

Alle vaksne som skal være med på leirskulen må kunne vise til oppdatert **politiattest**. Det er besøkande skule sitt ansvar at dette er i orden. Merk at dette gjeld først og fremst foreldre og evt andre eksterne som skal være med på leirskule. Lærere som har vist politiattest ved tilsetting trenger ikkje ein ny politiattest som er spesifikk for leirskulen.

På leirskulen bur elevane saman på fire eller åttemannsrom. Ei oversikt over kva rom dykk har tilgjengeleg vert tilsendt seinast to veke før opphaldet. Dykk står då fritt til å fordele elevane på romma som er tildelt.

Om de har spørsmål, ver venleg og ta kontakt med oss på tel. 57 73 70 07 eller via e-post: leirskule@uwrcrn.no

Vi ser fram til å ta imot dykk her på UWC Leirskule

Innhald

Velkommen til UWC leirskule	1
Timeplan	3
<i>Aktivitetstilbod</i>	4
Førmiddag	4
Ettermiddag	4
Kveldsaktivitetar	4
Kiosk	5
Avslutninga	5
Måltider	5
Pakkeliste	6
Elevane må ha med:	6
Elevane kan ta med:	6
Ordensreglar for UWC Leirskule	7
Husreglar:	8
Ansvars- og tilsynsordning for UWC Leirskule	9
Elevreservasjon for bileter på nett	10

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08:00 - 08:30		Inspeksjon	Inspeksjon	Inspeksjon	
08.30 - 09.15		Frukost	Frukost	Frukost	Frukost
09.30		Morgonsamling	Morgonsamling	Morgonsamling	
Føremiddag	Oppmøte og innkvartering (Vil variere med reiseavstand)	09.30 - 16.00 Utfluktsdag til Fredensborg med Kystkultur og lokal historie	09.30 - 12.00 Utekjøkken	09.30 - 12.00 Kano	Pakke, Rydde, Vaske. Sjekke ut frå rommet før kl. 09.30 Avreise når det høver.
12.00 - 13.00			Lunsj (niste)	Lunsj (niste)	
Ettermiddag	14.30 Velkommen til leirskule 15.00 <i>Bil kjend på Haugland og UWC</i>		13.00 - 15/16.00 Kajakk Bogeskyting	13.00 - 15/16.00 Rappellering Bushcraft	
16.55-17.45	Middag	Middag	Middag	Middag	
Kveld	17.45 - 19.00 Bading	17.30 - 18.30 Kiosk	18.00 - 19.30 Aktivitet saman med studentane ved UWRCN	17.45 - 19.15 Bading 19.30 - 21.30 Avslutning med underholding frå elever	
22.00	På rommet	På rommet	På rommet	På rommet	

Aktivitetstilbod

Ved UWC leirskule får elevane moglegheit til å delta i ein rekke spennende og lærerike friluftslivsaktiviteter. Mandag er ankomstdag og handlar mest om å informasjon om leirskulen og veka som kjem, samt å bli kjent med området og andre elevar som besøker leirskulen. Tirsdag, onsdag og torsdag er undervisninga er delt inn i tre blokker; *formiddagsaktivitet, ettermiddagsaktivitet og kveldsaktivitet*. Fredag er avreisedag og går med til opprydding og pakking før avreise.

Vi tek atterhald om at små endringar i oppsatt vekeplan kan forekomme i tida fram mot leirskoleoppholdet.

Førmiddag

På tirsdag formiddag vert gruppa delt i to. Halvparten av elevene får prøve seg på å lage mat på stormkjøkken, mens den andre halvparten er ute i kano. Onsdag formiddag vert aktivitetane snudd, slik at alle elevane får være med på begge aktivitetane. Torsdag går turen til Jensbua kystkultursenter med kano, og vidare på ein liten vandretur til Fredensborgparken og Lillingstonheimen. Lokal kulturhistorie og naturgeografi er tema for turen.

Ettermiddag

Tirsdag og onsdag etter lunsj får elevane moglegheit til å velge ein av dei følgjande aktivitetane; Rappelling, kajakkpadling, bushcraft og bogeskyting. I løpet av veka vil altså elevane delta på to av fire ettermiddagsaktiviteter. Påmeldingsskjema til aktivitetene vert tilsendt seinast to veker før leirskuleveka.

Kveldsaktivitetar

På kveldstid mandag og torsdag har elevane tilgang til å nytte badeanlegget ved Haugland rehabilitering. Badeanlegget består av 25 m basseng med sklie. Bassenget er tilpassa elevar med funksjonshemming (Rampe). Bading skjer under tilsyn frå vaksen

badevakt, men vi ønsker også at medfølgende lærere er med som tilsyn. Onsdag kveld er det lagt opp til aktivitet saman med studentane ved UWC RCN.

Kiosk

Tysdag ettermiddag har elevane moglegheit til å handle i kiosken på leirskulen, som vert drifta av studentane ved UWC RCN. I kiosken får ein kjøpt chips, godteri og leirskule t-skjorter. Det berre mogleg å betale med bankkort i kiosken.

Avslutninga

For å gjere litt ekstra ut av avslutninga kvelden før avreisedagen, skal kvar klasse førebu og framføre litt underhaldning. Det kan vere leikar, sketsjar, songar... etc. For å få best mogleg stemning, er det fint om de tek med den musikken de likar best. Det vert også arrangert ein quiz med tema frå leirskuleopphaldet.

Måltider

UWC leirskule tilbyr eit fullpensjons opphald med tre måltider (frokost, lunsj og middag) tirsdag, onsdag og torsdag. Vi tilbyr også middag på ankomstdagen (mandag), samt frukost på avreisedagen (fredag). **NB! Det betyr at elevene må ta med matpakke til lunsj på ankomstdagen.** Elevene har moglegheit til å smøre seg matpakke til kveldsmat kvar dag. Kjøkkenpersonell har lang erfaring med å tilpasse kosten til elever med spesielle behov (allergier eller religiøse omsyn), og det vil alltid være vegansk/vegetarisk alternativ til middag. Husk å fylle ut skjema for allergier og spesielle behov for tilpassing av kosten dersom det er behov for det.

Pakkeliste

Elevane må ha med:

- Handduk
- Toalettsaker
- Badetøy
- Gummistøvlar (heilt nødvendig!)
- Joggesko/fjellstøvlar
- Regntøy.
- Ull (eller super) undertøy, gjerne fleire sett
- Langbukse til å ha ute på tur
- 2 ullgenser/fleece genser
- Ullsokkar, tynne og tjukke
- Hue, vottar og skjerf
- Liten tursekk
- Sitteunderlag
- Turkopp
- Drikkeflaske
- Klokke

Elevane kan ta med:

- innesko
- fotoapparat, spel
- Lommepengar (150 kr held)
- Pengar til Leirskule T-skjorte (200 kr)

OBS

UWC Leirskule stillar med dyne, pute, sengetøy (laken, putevar og sengetøy) til besøkende elever og lærere.

Ordensreglar for UWC Leirskule

Vis omtanke for medmenneske og stell fint med bygningar, inventar og naturen du ferdast i.

- Det blir forventa oppmøte etter timeplan og deltaking i all organisert undervisning.
- Det skal brukast redningsvest under fiske frå holmane og i kano, kajakk og båt aktivitetar.
- Bruk av rusmidlar er forbode under heile opphaldet.
- Elevane har ikkje lov å bruke mobiltelefon under opphaldet
- Sjølvforskyldt øydelegging av ting fører til erstatningskrav.
- Det er forbode å opphalde seg i administrasjons- og helsesport bygget.
- Bading, fiske og bruk av kano/båt i fritida utan løyve er forbode.
- Ved brot på leirskulens reglar vil vi, saman med medfølgende lærar, vurdere behovet for heimsending på eleven/foreldra si rekning. Det blir kravd full betaling av bestilt opphald.

Husreglar:

Nattero: Det skal vere nattero frå kl. 22.00

Røyking: Det er forbode å røykje/tenne stearinlys i og rundt huset, røyking er forbode på heile skuleområdet

Søppel: Søppel skal kastast i søppelkassa utanfor internatbygget

Manglar: Alle manglar skal meldast til personalet ved leirskulen.

Brann: Følg branninstruksen og gje straks beskjed til personalet ved leirskulen.

Rydding: Huset og rom skal til ein kvar tid være rydda.

Reingjering: Utstyr til reingjering finst på vaskerommet i kvar etasje

Lufting: Vindauge skal ikkje opnast meir enn 10 cm.

Ved avreise skal rommen og huset vere i same stand som då de kom.

Ansvars- og tilsynsordning for UWC Leirskule

Under alle organiserte aktivitetar har leirskulelærarane ansvaret for undervisninga og tryggleiken til elevane som deltek.

Vertskapet har ansvar for kost og losji, samt andre vertskapsplikte som branntryggleik, reinhald, vedlikehald m.m. Vertskapet har medansvar for at leirskulen sine ordensreglar blir overhaldne.

Med følgjande lærarar har medansvar for at leirskulen sine ordensreglar blir følgde og for tilsynet med elevane på fritida og nattetid (sovande nattevakt). I samarbeid med leirskulen skal med følgjande lærarar delta i leirskulen si undervisning tilsvarande det timetalet vedkomande normalt skulle hatt i undervisning/arbeidsplantimar. Lærarane har ansvar for å innhente skriftleg samtykke frå foreldra om at dei vil gi elevane løyve til å bade utandørs i fritida.

Lov til å opphalde seg utanfor det definerte området for leirskulen kan berre gjevast av lærarane som er med, når han/ho tek ansvaret.

Det er forventat at med følgjande lærarar held tilsyn med elevane i fritida, dvs. all tid utanom organisert undervisning / aktivitetar.

Lærarane er ansvarlege for nattevakt (sovande) og vekking. Branninstruks heng på veggen i kvart hus. Lærarane er òg ansvarlege for førstehjelpskofferten på huset

Elevreservasjon for bileter på nett

På heimesidene våre og i nokre publikasjonar nyttar vi frå tid til annan bilete og video frå aktivitetar og hendelser på leirskulen. Bileta er aldri presentert med barnas namn eller skule, men vi kan leggje ut kva for skuler som har vore på leirskulen den aktuelle veka.

Vi legg stor vekt på å verne om integriteten til elevar og lærar og legg til dømes aldri ut bilete av nokon i badekle eller i sårbare situasjonar.

For og kunne publisere bilete frå opphaldet trenger vi føresette sin tillating og ber skula dele ut og samle in vedlagt skjema for dette. Vi vil nytte «Var Varsam Plakaten» for retningslinjer ved bruk av bilete.

Telefon: 57737007 Mobil: 45801445

E-mail: leirskule@uwrcrn.no